

Stord eldreråd

Hørings svar til Forslag til ny byggteknisk forskrift (TEK17)

§ 13-4. Termisk inneklima.

08.02.2017

.

Se vedlegg

- [Uttale frå eldrerådet - ny byggteknisk forskrift TEK17.pdf](#)
-

Saksnr
1/17

Utval
Eldrerådet

Møtedato
30.01.2017

FORSLAG TIL NY BYGGTEKNISK FORSKRIFT (TEK17) - UTTALE FRÅ ELDRERÅDET

Framlegg til uttale:

Saksprotokoll i Eldrerådet - 30.01.2017

Uttale

Stord eldreråd er samd i intensjonen av revisjonen av teknisk forskrift. Rådet er bekymra dersom dei nye forskriftene fører til at tilbodet på universelt utforma bustader vert redusert til ulempe for eldre og andre med behov for universelt utforma bustader. Me viser til følgjande døme, der forenklinga fører til ulempe for høyrsehemma.

Døme: § 13-6 punkt 4

«I byggverk for publikum og arbeidsbygning skal det være lyd- og taleoverføringsutstyr med mindre det kan dokumenteres at dette er unødvendig for å oppnå god taleforståelse. Inngang til rom med forsterket lyd- og taleoverføring skal være tydelig merket.»

Rådet ønskjer at siste del av første setning fell vekk og at setningen blir slik: «I byggverk for publikum og arbeidsbygning skal det være lyd- og taleoverføringsutstyr.»

Handsaming

Samrøystes godkjend.

Rådmannen, 03.01.2017

Dokumentliste

S 03.01.2017

Forslag til ny byggt teknisk forskrift (TEK17) - uttale frå eldrerådet

Vedlegg

Følg lenka her (eller klipp ut og lim inn i nettlesar) så kjem du til Direktoratet for byggkvalitet si heimeside og heile høyringa: <https://dibk.no/byggereglene/horinger/hoyringar/forslag-ny-byggt teknisk-forskrift/>

Innleiing

På oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet sender Direktoratet for byggkvalitet forslag til ny byggt teknisk forskrift (TEK17) på høyring.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Kort om høyringsforslaget

Regjeringa har som mål å leggja til rette for raskare og enklare bustadbygging. Direktoratet har difor gått igjennom byggt teknisk forskrift.

Reglar med krav til byggverk og byggeprosess er omfattande og komplekse. Eit enklare og tydelegare regelverk har vert eit av hovudmåla for ny byggt teknisk forskrift.

Forslag til endringar kan plasserast i to hovudkategoriar:

1. Forenkling, tydeleggjering og betre struktur

Språklege og strukturelle endringar som gir ei meir logisk, lettare lesbar og meir brukarvenleg forskrift. Endringane som er føreslått gjer det enklare å forstå kva krav som gjeld, og kva som må til for å oppfylle krava. Endringane skal gje mindre sløsing med tid, færre konflikhtar og betre etterleving av regelverket. Endringane er og eit første skritt på veg mot ei meir digitaliseringsvenleg forskrift.

2) Fjerning, lemping og forenkling av krav

Gjennom fjerning, lemping og forenkling av krav, skal forskriftsforslaget bidra til å redusera byggekostnadar, primært for bustadar.

Gjennomføring av høyringa

Høyringa vert gjennomført elektronisk. Høyringssvar skal sendast inn via direktoratet si nettbaserte høyringsløysing: dibk.no/forslag-ny-byggt teknisk-forskrift.

Høyringsfristen er 10. februar 2017.

Konklusjon, uttale